

PM



Sveio Orienteringslag sitt Nær-o-løp

Tirsdag 21. august kl. 1800

Vandaskog

Velkommen til O-løp!

Du får høve til å springa i eit slakt og ope landskap med nokre større og mindre kuperingar. Delar av terrenget har aldri vore nytta til o-løp tidlegare.

Parkering: All parkering skal skje på p-plassen ved tidlegare Vandaskog skule. Følg merking!

Samlingsplass: Ca 10. min å gå langs vegen nordover. Følg merking!

Start: Ved samlingsplass. Første ordinære start kl. 1800

Oppvarming: Langs traktorveg mellom bilvegen og mål. Det er forbode og bevega seg i terrenget vest for og nord for samlingsplass/start før du sjølv er i gong med løpet.

Terreng: Ope og småkupert landskap som også er beiteområde for sau. Fleire dyretråkk som ikkje er teikna inn på kartet. Fleire gjerde kryssar terrenget i nordre del av løypene. Gjerdeklyvarar og passeringspunkt er merka av på kartet. Bruk desse!

Nokre stader i terrenget finst kvite gjerdepinnar med ein kvit tråd for straumgjerde. Men det er ikkje elektrisk straum i gjerdet slik at dette kan lett passerast utan hindring.

Løyper: Løype A: 4,1 km, Løype B: 2,6 km, Løype C: 2 km og Løype N: 0,9 km

Kart: Løypene A og B blir printa på kart i målestokk 1: 7500. Løypene C og N på kart i målestokk 1: 5000

Påmelding: I Eventor, men me tar også imot påmelding ved samlingsplass/start

Startkontingent: Kr. 30 per startande. Klubbane vil bli fakturert for dette etter løpet.

Med helsing

Sveio O-lag